

Fin mur med langreist stein

16.07.2011



Steinen kjem heilt frå Randøy

Grunnarbeidet for AFA-bygget held fram og no er opparbeidings av den 100 meter lange og nye gang- og sykkelbana i fokus. Allereie nå kan det konstaterast at bana får ein svært dekorativ mur i bakkant og meister også for denne muren er ikkje overraskande Tor Ove Haugland. Han gjer jobben for Sigmund Myklebust, som har entreprisa.

Muringa er ei utfordring fordi steinen må hentast heilt frå brotet i Randøy i Ryfylke og det betyr ein transportoperasjon på 9 timer. Tor Ove må også venta på eigna Stein til neste mandag og må ta seg av andre oppgåver i mellomtida-Men han arbeider til og med i dag! Det blir ein tilsvarende mur i bakkant av tomta.

AFA har no ellers sendt kommunen den etterlyste dokumentasjonen av næringsbygget med bustadar og kontor og strekar under at verksemda treng meir produksjonsareal etter å ha auka med nesten 100 prosent i dei siste åra.

Det er vurdert fleire alternativ frå stor rubbhall til det næringsbygget som det no blir søkt om. Næringsbygget blir det klart dyraste og mest utfordrande alternativet, men går for dette fordi bygget ligg midt i sentrum med fleire fine bustadhus rundt.

Det blir lagt vekt på eksisterande bygningar i området med omsyn til takform, materialbruk, farge og høgde på bygget.

For å imøtekomma reguleringsbestemmelsene for sentrum blir det altså satsa på det beste, men dyraste alternativet.

Men for å finansiera eit slikt bygg som kan imøtekomma alle krav må dei ha ein slik storleik på bygget at det kan romma 9 utleigebustader. Dei er først og fremst tenk for personar som jobbar på AFA eller fritt utleige. Ein ønskjer ikkje å utseksjonera bustadane på det noverande tidspunkt.

Tomteområdet er 1 491 kvadratmeter og bygningen vil dekkja 608 kvadratmeter medan det blir 252 kvadratmeter til parkering.

Av Ola Matti Mathisen



Slik blir bygget plassert på tomta